

# Klage på karakter

Du kan klage på både standpunkt- og eksamenskarakterar. Klageretten gjeld også dersom du ikkje får standpunktkarakter.

Ved klage på standpunktvurdering kan du berre klage på formelle feil.

Du har rett til å krevje grunngjeving for karakteren før du bestemmer deg for om du vil klage. Retten til grunngjeving gjeld ikkje på skriftleg eksamenskarakter.

## Korleis klager du?

Klagen må vere skriftleg, datert og underskriven. Klagen skal leverast til rektor.

Om du klagar på standpunktkarakter eller på karakter til munnleg eksamen, skal klagen grunngjevast. Om du klagar på karakter til skriftleg eksamen, er ikkje dette nødvendig. Ved munnleg, munnleg praktisk og praktisk eksamen kan du berre klage på formelle feil.

## Klagefrist

Klagefristen er ti dagar etter karakteren er gjort kjend.